

Årsmelding 2025



M U MUSEUMSENTERET
H O I HORDALAND

MUHO – eit kultur- og naturarvsmuseum

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetansemiljø for bevaring. Spydspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og mangfald og Bevaring er dei tematikkane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, vårt DNA og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvaltning av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høgt fokus på handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvaltning av gjenstandar.

MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som vert utført gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevingar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er levande destinasjonar der dei besøkande kan sjå kunnskap brukt i drifta av anlegget, dei kan boltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller lyngheiane.

Felles studietur til Caen, Frankrike



Visjonen vår:
Viktige stemmer i tida

Verdiane våre:
Likeverd
Kompetanse
Openheit
Engasjement



Innhold

1. INNLEIING	4
2. NØKKELTAL	5
3. ORGANISASJON	6
STYRET	6
PERSONALE	7
4. ØKONOMI	8
5. HEILSKAPLEG SAMLINGSUTVIKLING	9
6. TRYGG IVARETAKING	10
7. IMMATERIELL KULTURARV	12
8. BYGG OG ANLEGG/ BYGNINGSVERN	13
9. FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND	14
10. RELEVANT FORMIDLING	14
11. SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON	18
12. KLIMA OG MILJØ	20
13. ARBEID I MUSEUMSREGIONEN	20
14. MANGFALD OG INKLUDERING	21
15. FRIVILLIG ARBEID	23
16. REKNESKAP OG REVISJONSRAPPORT	24
17. MELDING FRÅ STYRET	28
18. REVISJON 2025	30
19. DETTE ER MUHO	31



Fuglevoktar Vibere Stensholm heldt foredrag under Ullveka demonstrerte rensing av ærfugl-dun



Kurs i vevteknikk på Osterøy museum

1. Innleiing

2025 har vore eit år der MUHO verkeleg har fått vist både fagleg kraft, gjennomføringsevne og evne til å stå støtt under krevjande rammevilkår. Året har vore prega av høg aktivitet, sterke faglege resultat og ein organisasjon som har utvikla seg vidare – samstundes som vi har stått i utfordringar som påverkar heile museumssektoren.

Eit sentralt fokus har vore å sikre solid drift og god økonomistyring i ei tid der løns- og prisvekst pressar institusjonen. Løn og pensjon utgjer rundt 70 prosent av kostnadane våre, og vi har difor arbeidd målretta med å styrke eigeninntektene gjennom kjerneverksemda. Kurs og tenester innan bevaring, kultur- og naturarv, industriarv og migrasjon, samt vidareutvikling av museumsbutikkane, har vore viktige bidrag. Energieffektiviseringstiltaka gjennomført dei siste åra har gitt god effekt, og straumforbruket vårt er no om lag halvert. Dette er heilt avgjerande i ei drift med tronge rammer.

Samstundes har vi gjennom året styrkt organisasjonen internt. Vi har vidareutvikla avdelingsstrukturen og det felles faglege ansvaret, noko som skal gjere oss mindre sårbare og betre i stand til å dele kompetanse og vere fleksible. Arbeidet med å styrkje MUHO som ein godt integrert organisasjon gjer oss betre rusta til å gjennomføre dei store og tverrfaglege prosjekta som ligg framfor oss.

Dei store satsingane i strategiplanen – Naturrom Lygra, nytt Samlingsentrum for musea i Vestland og ny fast utstilling på Tekstilindustrimuseet – har hatt god framdrift gjennom året. Prosjekta er langsiktige og krev omfattande planlegging, samarbeid og fagkompetanse, men dei vil gi store verdiar for regionen og for vårt samfunnsoppdrag i åra som kjem.

Mot slutten av året kom eit nytt og omfattande rammevilkår for MUHO: innføringa av livslang AFP for arbeidstakarar fødte i 1963 eller seinare. Ordninga inneber betydelege og uventa meirkostnader for oss i åra som kjem. Dette vil påverke økonomien vår i stor grad, og krev både nøye planlegging og tett dialog med styresmaktene framover for å sikre berekraftig finansiering.

Trass i krevjande økonomiske forhold har 2025 vore eit år der MUHO har stått støtt fagleg, utvikla seg organisatorisk og levert på samfunnsoppdraget. Tilsette i alle avdelingar har bidrege med høg kompetanse, stort engasjement og kvalitet i arbeidet. Det er summen av desse bidraga som gjer MUHO til den viktige samfunnsaktøren vi er.

Vi går inn i 2026 med tydelege ambisjonar og ein robust organisasjon, og med eit sterkt ønske om å vidareutvikle musea våre til glede og nytte for samfunnet.

Elisabeth Halvorsen
Direktør




Museumstunet

2. Nøkkeltal

	2025	2024	2023	2022	2021
<i>Tal på besøk</i>	28 391	26 558	25 555	20 546	15 945
<i>Årsresultat*</i>	1 799	-1 189	-1 342	2 478	950
<i>Eigenkapital*</i>	26 522	24 723	25 912	27 254	24 776
<i>Faste tilsette</i>	45	51	55	50	52
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	103	101	102	103	103
<i>Gjenstandar</i>	38 150	37 911	37 675	39 470	40 609
<i>Foto</i>	18 024	17 894	17 837	17 764	17 763
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	3 580	3 580
<i>Årsverk (faste)</i>	41,3	47,7	47,7	42,66	41,7
<i>Tal årsoppg. til lønsmottakar</i>	116	109	117	119	110
<i>Sjukefråvær</i>	2,7%	4,63%	6,3%	5,41%	5,45%

* Tal i tusen kr

3. Organisasjon



Strategiprojektgrupper og faggrupper, forskning og samlingsforvaltning.

Styret

Styremedlem		Oppnemnt av
Sara Hamre Sekkingstad – styreleiar	(vara: Lars Fjeldstad)	Kommunane i Nordhordland
Kamilla Karlsen – nestleiar	(vara: Kurt Hæggernæs)	Vestland fylkeskommune
Gunnar Moland	(vara: Christer Lilleskare Olsen)	Vestland fylkeskommune
Per Erik Gåskjenn	(vara: Christine Henriksen Ødegaard)	Bergen kommune
Tone Hellesund	(vara: Torgeir Rinke Bangstad)	Universitetet i Bergen
Anneli Belsvik Aras	(vara: Monika Sunnanå Ravnanger)	Tilsette

Personale

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 45 faste tilsette i 41,3 årsverk. 20 % av dei faste tilsette er menn, 80 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 31 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 46,23 faktiske årsverk i 2025.

Helse, miljø og tryggleik

HMS fokuset i organisasjonen held fram. Vi har halde fast ved vårt engasjement for å skapa eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø. Dette inkluderer regelmessige vurderingar av arbeidsforhold, risikofaktorar og førebyggjande tiltak.


HMS-kulturen har blitt styrka gjennom opplæring og bevisstgjeringkampanjar. Vi oppfordrar aktivt til å melde om avvik og uønskte hendingar. Målet er å betre arbeidsmiljøet og minske helseutfordringar blant tilsette.

HMT-måla våre for 2025 var:

1. Skape eit godt arbeidsmiljø ved å bruke STAMI's verktøy for områda organisering, engasjement, anerkjening, leiing og føreseielegheit, samt psykologisk trygghet.
2. Fullføre identifisering i bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff i heile MUHO og lage tiltaksplan for handtering av dette. Få en konkret plan og ansvarsfordeling her. Betre systematikk i dette arbeidet, og oppretting av eksponeringsregister.
3. Opplæring i rutinar for oppfølging og lukking av avvik.
4. Identifisere tiltak og mål for reduksjon av sjukefråvær.
5. Jevnlige HMS møter/webinar for heile organisasjonen
6. Alle skal være kjent med våre SJA rutinar og ta dette i bruk.
7. HMS kurs for leiarar skal gjennomførast (digitalt kurs i PlusOffice)
8. Alle avdelingar skal lage eigne HMS mål

Sjukefråværet i 2025 var 2,7 %, ein nedgang frå 4,6 % i 2024. Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2025.

Sjukefråværsprosent



Vi har i 2024 og 2025 arbeidd systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Med utgangspunkt i den nye intensjonsavtalen for IA avtalen mellom dei sentrale partane, har organisasjonen hatt særleg merksemd på intern praksis for å redusere sjukefråvær og styrkje arbeidsmiljøet.

Det er gjennomført ein eigen prosess for å revidere MUHO sine rutinar for sjukefråvær. I dette arbeidet har det vore lagt stor vekt på:

- Førebyggjande tiltak
- Tydeleggjering av ansvar knytt til ulike roller
- Gode og føreseielege oppfølgingsprosessar ved sjukefråvær

Verneombod og tillitsvalde har delteke aktivt i arbeidet saman med leiargruppa. Bedriftshelsetenesta har vore knytt til prosessen som rådgjevar og fasilitator.

Som del av forankringa av arbeidet vart det på fellesmøte i desember gjennomført ein workshop med alle tilsette, med fokus på sjukefråvær, førebygging og felles ansvar for eit godt arbeidsmiljø.


Vi har gjennomført kartlegging for Aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP), sett opp rutinar for dette arbeidet og utarbeida handlingsplan. Arbeidet med ARP har òg gitt auka fokus og bevisstheit på likestilling, og tiltak mot opplevd diskriminering og trakassering.

ARP-rapporten finn du her:

<https://ems.dimu.org/file/069ELhB9gnGU1>

4. Økonomi

Finansiering MUHO i 2025



Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avlagt etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2025 syner eit overskot på 1 798 589 kroner.

Auka inntekter frå sal og tenester, i kombinasjon med lågare lønnsutgifter enn planlagt, er dei viktigaste årsakene til det gode resultatet. Inntektene i 2025 er høgare enn i 2024 og ligg godt over budsjettnivået. Særleg tre forhold er viktige:

- Auka salsinntekter som følge av styrking av rådgjevings- og konserveringstenestene, inkludert utvida tenestetilbod utover dei offentleg finansierte fellestenestene. Dette er resultat av langsiktige investeringar.
- Eigeninntektene auka med 10,2% frå 2024, i tråd med «Plan for eigeninntening 2023–2027», der målet er å nå 24 % av omsetnaden innan 2027. I 2025 utgjorde eigeninntektene 21 % av omsetnaden. Vi har lagt til grunn at eigeninntektene skal vere forankra i kjerneverksemda vår. Samtidig er det naturlege avgrensingar i potensialet for besøksrelaterte inntekter, sidan Bevaringstenestene ikkje er eit publikumsretta tilbod og dei andre avdelingane ligg i små lokalsamfunn med lang reiseveg frå Bergen sentrum. Det største inntekspotensialet ligg derfor i sal av tenester, kurs og arrangement, aktivitetar som er personalkrevjande, men som har rom for vidare vekst.
- Tilskota frå m.a. KLD post 71/72 og Statsforvaltaren er heilt naudsynte for å kunne gjere det mogleg å oppretthalde nødvendig aktivitet innan samlingsforvaltning og kulturlandskapsskjøtsel. Dei utgjør ein uforholdsmessig stor del av finansieringa av drifta, utan garanti for føreseielegheit eller automatisk kompensasjon for løns- og prisvekst.

Kostnadsnivået har vore stabilt, men med nokre utviklingstrekk som styret bør vere merksam på:

- Lønnskostnader vart lågare enn budsjett grunna avventande tilsetjingar knytt til uavklarte tilskot til kulturlandskapsarbeidet. I 2025 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 68,9% av totale driftskostnader.
- Pensjonskostnader utgjør no 15,7 % av totale lønnsutgifter, og press på lønsnivået er ei utfordring for å behalde kompetanse. Ny livslang AFP og kostnadene som følgjer denne, vil gje oss store utfordringar i åra frametter.
- IKT-kostnader aukar vidare som følge av krav til drift, sikkerheit og digital utvikling. I 2025 utgjorde dess 4,4% av kostnadene.
- Straumkostnader er på stabilt nivå (1,6% av tot. Driftskostnader) og forbruket er redusert med 1,4 %. Nye ENØK-tiltak vil ha verknad også i 2026.

Likviditeten er tilfredsstillande. I tråd med lov om stiftingar, rullerer styret årleg kapitalforvaltingsplan for å sikre optimal bruk av stiftinga sin kapital. I det daglege arbeidet har vi stort fokus på å balansere omsynet til avkastning med behov for tilgjengeleg likviditet. Det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Vi har plan for vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen med eit kostnadsoverslag på 10-20 mill. Dette krev ressursar det ikkje er rom for å sette av i driftsbudsjetta.

5. Heilskapleg samlingsutvikling

All samlingsutvikling i MUHO skal vera i tråd med samlingsplan. Vi skal ha god oversikt over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Vi skal bidra til koordinert samlingsutvikling og aktivt prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

I 2025 har MUHO hatt eit tydeleg og målretta arbeid med samlingsforvaltning og samlingsutvikling, i tråd med strategiplan, samlingsplan og nasjonale føringar. Arbeidet har vore prega av både vidareføring av langsiktige prosessar og gjennomføring av konkrete tiltak for å styrkje kvalitet, oversikt og berekraft i forvaltninga av samlingane.

Den overordna samlingsplanen er rullert, og legg eit oppdatert og forpliktande grunnlag for vidare arbeid. Planen sikrar framdrift gjennom tydelege prioriteringar, betre rutinar og klarare samanheng mellom mål, ressursbruk og tiltak. Eit sentralt fokus har vore å prioritere i eksisterande samlingar, både for å redusere press på ressursar og for å sikre betre kvalitet i forvaltning og formidling.

MUHO har i 2025 starta implementering av primærprosedyrane i SPECTRUM standarden, med tilpassing til eigen organisasjon og praksis. Dette arbeidet er viktig for å sikre ein meir systematisk, transparent og profesjonell samlingsforvaltning, og legg grunnlag for vidare harmonisering av rutinar på tvers av avdelingane.

Digitalisering, registrering og restansar

Det har vore arbeidd målretta med å redusere avstanden mellom talet på registrerte og digitaliserte gjenstandar, mellom anna gjennom innsats frå Bevaringstenestene og bruk av felles metodikk. Trass i framgang har MUHO ikkje nådd målet om vesentleg reduksjon i restansar i 2025. Dette heng saman med både kapasitetsutfordringar og ny tilvekst.

Tilveksten i samlingane har likevel vore i tråd med samlingsplanen, og særleg knytt til dokumentasjon av pelsdyrnæringa, der MUHO har delteke i koordinert arbeid saman med andre museum i Sør Noreg. Dette arbeidet har styrkt den tematiske breidda i samlingane og sikra dokumentasjon av eit nærings- og samfunnsområde i utvikling. Det planlagde nasjonale prosjektet for dokumentasjon av pelsdyrnæringa vart ikkje gjennomført i 2025 grunna manglande finansiering.

Dokumentasjonsteamet og samanheng i samlingane

I 2025 vart MUHO/Bevaringstenestene sitt fleirårige prosjekt Dokumentasjonsteamet avslutta, og sluttrapport ferdigstilt. Prosjektet har bidrege vesentleg til å auke både kvaliteten og

omfanget av registrerte objekt for musea i Vestland fylkeskommune. Gjennom ein meir effektiv arbeidsmetodikk og bruk av felles kompetanse har ein oppnådd betre standardisering og høgare tempo i dokumentasjonsarbeidet.

Eit særleg fokus i prosjektet har vore båtsamlingane, som vart prioriterte for å kunne sjå samlingane meir heilskapleg, både tematisk og geografisk. Arbeidet har styrkt grunnlaget for vidare samlingsutvikling og betre tilgjengeleggjering av denne viktige delen av kulturarven.

Bygningar, tilstand og prioriteringar

MUHO har halde fram arbeidet med å oppdatere oversikt over tilstand og tiltaksbehov for kvar enkelt bygning, både freda, verneverdige og andre museumsbygg. Dette arbeidet er avgjerande for å kunne gjere betre og meir kunnskapsbaserte prioriteringar over tid. Samstundes er det ei erkjenning at vedlikehalds og tiltaksbehovet er vesentleg større enn tilgjengelege ressursar.

Tiltaka som er gjennomførte i 2025 er likevel i tråd med vedtekne prioriteringar, sikringsplanar og vedlikehaldsplanar, og har bidrege til å betre tilstanden på utvalde bygg og redusere risiko for tap av verdiar.

Immateriell kulturarv og sårbar kompetanse

I tråd med strategiplanen har MUHO i 2025 sett i verk tiltak for å styrkje sårbar kunnskap knytt til forvaltning av samlingane og immateriell kulturarv. Eit særleg viktig område er knytt til produksjonslinja ved Salhus Tricotagefabrik, der både teknisk kompetanse, handboren kunnskap og forståing av samanhengen mellom maskinar, bygningar og produkt er avgjerande.

Tiltak innan dokumentasjon, kompetanseoverføring og drift av produksjonslinja har bidrege til å sikre denne kunnskapen for framtida, og understrekar MUHO sitt ansvar for å forvalte både materielle og immaterielle sider av industrikulturen.

Samla vurdering

Samla sett viser 2025 eit målretta og realistisk arbeid med samlingsforvaltning og samlingsutvikling i MUHO. Trass i ressursavgrensingar er det lagt viktige grunnsteinar for vidare utvikling gjennom rullert samlingsplan, implementering av SPECTRUM, styrkt dokumentasjon og betre oversikt over bygningar og samlingar. Dette arbeidet vil vere sentralt for å sikre ei berekraftig, kunnskapsbasert og langsiktig forvaltning av MUHO sine samlingar i åra som kjem.



6. Trygg ivaretaking

Slått på Lyngheisenteret

Trygg ivaretaking av kultur og naturarven er ein grunnleggjande føresetnad for MUHO si verksemd. I 2025 har arbeidet vore retta mot både landskap, bygningar, samlingar og immateriell kulturarv, med vekt på førebygging, beredskap og langsiktige løysingar.

Kulturlandskap og skjøtsel

MUHO forvaltar nokre av dei mest verdifulle og sårbare kulturlandskapa i landet, der trygg ivaretaking føreset eit langsiktig samspel mellom natur, aktiv bruk og handlingsboren kunnskap. I 2025 er det gjennomført skjøtsel på Havrå og ved Lyngheisenteret i tråd med gjeldande forvaltings og skjøtelsplanar, og innanfor rammene av tilgjengelege tilskot frå Klima og miljødepartementet og andre finansieringskjelder. Skjøtelsarbeidet omfattar mellom anna slått, beite, vedlikehald av landskapselement og oppfølging av bygningar, og er avgjerande for å halde landskapa i hevd og redusere risiko for tap av biologiske og kulturhistoriske verdjar.

Forvaltinga byggjer på aktiv drift og vidareføring av lokal og generasjonsoverført kunnskap, kombinert med forskingsbasert innsikt. På Lyngheisenteret er forskning og dokumentasjon ein integrert del av skjøtelsarbeidet, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid knytt til prosjektet DURIN, medan kulturlandskapet på Havrå vert ivareteke som eit levande kulturmiljø der bruk, drift og formidling heng tett saman. Samstundes har MUHO hatt tett dialog med statlege og regionale aktørar for å sikre meir føreseielege og tryggare økonomiske rammer for arbeidet. Langsiktig finansiering er ein føresetnad for forsvarleg og berekraftig ivaretaking av desse nasjonalt viktige kulturlandskapa.

Sikring, beredskap

MUHO har i 2025 rullert sikringsplanen, og det er gjennomført tiltak i tråd med prioriteringane for å trygge bygg, samlingar og

kulturmiljø. Det er lagt særleg vekt på brannførebyggjande tiltak, som er eit kritisk risikoområde for fleire av musea.

Ved Salhus Tricotagefabrik er det innvilga midlar til etablering av nytt sprinklaranlegg og til vidare asbestsanering. Desse tiltaka representerer eit viktig løft for tryggleiken ved det freda industrianlegget og reduserer risiko for både tap av bygningsverdjar og skade på samlingar og produksjonsutstyr.

Samlingssentrum og regional beredskap

MUHO har i 2025 hatt tett samarbeid med Vestland fylkeskommune om framdrift i etableringa av Samlingssentrum for musea i Vestland. Dette er eit strategisk viktig prosjekt som vil sikre betre og meir robuste oppbevarings og arbeidsforhold for samlingar i heile fylket, og styrkje både førebyggjande bevaring og beredskap.

Parallelt har MUHO arbeidd med å styrkje den felles beredskapsgruppa for musea i fylket, i nært samarbeid mellom MUHO/Bevaringstenestene og dei konsoliderte musea. Det er utarbeidd ein plan for dette samarbeidet, med mål om betre koordinering, raskare respons ved hendingar og meir effektiv bruk av kompetanse og ressursar på tvers av institusjonane.

Oppbevaring, ReOrg og kompetansebygging

Det har vore eit kontinuerleg fokus på forbetring av oppbevaringsforholda for eigne samlingar, mellom anna gjennom prioritering i samlingane og vidareføring av metodikk frå RE ORG arbeidet. Målet er å redusere risiko for skade, betre tilgjengelegheit og sikre meir effektiv forvaltning av eksisterande samlingar.

For å styrkje kompetansen knytt til eigne samlingar har MUHO i 2025 hatt to deltakarar i prosjektet «Nytt fokus», som bidreg til fagleg utvikling innan samlingsforvaltning, førebyggjande bevaring og prioritering.



Lyngslått med skuleelevar



ReOrg workshop



ReOrg workshop



Studietur til Nederland – Samlingsentrum

7. Immateriell kulturarv

Handlingsboren kunnskap er sentralt i alle deler av verksemda vår; som metodikk i forvaltning av teknisk industrielle samlingar, kulturlandskap og -miljø, som formidlingsverktøy for å levandegjere samlingane og skape kunnskapsopplevingar, samt i kunnskapsproduksjon.

Museet har teke ansvar for å sikre og vidareformidle utvalde praksisar som tilsette har kunnskap i og gjer dokumentasjon av. Praksisane er kunnskapsgrunnlag for forvaltning og dei styrker kjeldeverdien i gjenstands- og bygningssamlingar. I 2025 er dette mellom anna følgt opp gjennom interne kurs om reiskapskultur på Havrå, der kunnskap om bruk, vedlikehald og samanheng mellom reiskap, landskap og drift er avgjerande.

Viharoghattfokus på å formidlete tekstilkunnskap, bygningshandverk og landskapsforvaltning gjennom opne kurs og workshops som har gitt kompetanseheving og kunnskapsopplevingar. Vi har styrka vern av kulturminne og kulturmiljø gjennom rådgjeving innan forvaltning av kystlynghei og bygningsvern og tradisjonell praksis

i slåttonna. Vi har gjennomført undervisningstilbodet «Nevenyttig» til grunnskule (valfag 8. klasse), vidaregåande- og høgskule som m.a. har gitt innsikt i berekraftig ressursbruk. Tekstilkunnskap og kunnskap om landskapsforvaltning er grunnlag for to av dei formaliserte forskingssamarbeida MUHO har hatt dette året. Vi har kopla og formidla materiell- og immateriell kulturarv i boka «Åkle» om åkletradisjonar i regionen.

På nasjonalt nivå er immateriell kulturarv knytt til kystlynghei styrkt gjennom kursverksemd og vidare finansiering av Lyngheisenteret si rolle som Nasjonalt senter for kystlynghei. Dette arbeidet bidreg både til fagleg utvikling og til trygg ivaretaking av ein sårbar kultur og naturarv.

Ved Salhus Tricotagefabrik er det inngått samarbeid med Opplæringskontoret for tekoindustrien om å etablere fabrikk som læringsarena. Dette er eit viktig tiltak for å sikre vidareføring av spesialisert kompetanse knytt til produksjonslinja, og for å bevare samanhengen mellom bygningar, maskinar og levande kunnskap.



Nevenyttig – Dette skuleåret produserte 8. klassingar eigne handteinar som det seinare skulle spinnast garn på.



Omlagging tak – Larsahuset



Omlagging tak – Larsahuset



Nyrestaurert Nybyggarstova

8. Bygg og anlegg/ Bygningsvern

MUHO forvaltar ein omfattande og samansett kulturhistorisk bygningsmasse, med både freda og verneverdige bygningar i by, bygder og kulturlandskap. I 2025 har arbeidet med bygningsvern vore prega av systematikk, prioritering og målretta innsats for å sikre langsiktig ivaretaking innanfor avgrensa ressursrammer.

Alle dei kulturhistoriske bygningane i MUHO er registrerte og publiserte i Primusbygg, og tilgjengelege gjennom Digitalt museum. Primus bygg fungerer som eit sentralt forvaltningsverktøy og gir eit heilskapleg oversyn over bygningsmassen, inkludert tilstand, verneverdi og dokumentasjon. Dette har styrkt grunnlaget for faglege vurderingar og gjort prioriteringar meir kunnskapsbaserte og føreseielege.

MUHO har ein samla vedlikehaldsplan med kostnadsoverslag for å føre bygningsmassen opp på tilstandsgrad 1 (TG1). Samstundes er vedlikehaldsbehovet større enn dei tilgjengelege ressursane. I 2025 har det difor vore lagt særleg vekt på bygningar med tilstandsgrad 3 (TG3), der risikoen for tap av verdiar er størst. Ambisjonen er å ha utbetra bygningar med TG3-status innan 2027, gitt føreseielege rammevilkår.

Tiltaka som er gjennomførte i 2025 er i tråd med vedtekne planar og omfattar både akutte sikringstiltak og planlagt vedlikehald, tett kopla til risikovurderingar knytt til brann, fukt, slitasje og bruk.

Ved Salhus Tricotagefabrik har bygningsvern vore høgt prioritert i 2025. Asbestsanering i det freda TIK-anlegget har vore ein sentral del av arbeidet med å betre tryggleik og tilstand, og legg til rette for vidare bruk av bygningane til drift, formidling og opplæring. Det er òg innvilga midlar til nytt sprinklaranlegg, som representerer eit viktig løft for brannsikringa av anlegget.



Muring ved Tekstilindustrimuseet i Salhus

Ved Havrå og Lyngheiseret er bygningsvernet tett integrert i forvaltninga av kulturlandskapet. Vedlikehald av driftsbygningar, tun og landskapselement skjer i samanheng med aktiv bruk, skjøtsel og tradisjonelle arbeidsmetodar. Dette bidreg til å halde bygningane i bruk, sikre handlingsboren kunnskap og redusere behovet for større og meir kostnadskevjangende inngrep over tid.

Gjennom 2025 har MUHO styrkt grunnlaget for forvaltninga av ein stor og krevjande bygningsmasse. Full oversikt i Primus bygg, klare prioriteringar gjennom vedlikehaldsplanar og målretta tiltak ved særleg utsette bygg har lagt eit betre grunnlag for langsiktig ivaretaking. Samstundes synleggjer arbeidet behovet for stabile og tilstrekkelege økonomiske rammer for å sikre bygningsvernet i tråd med verdiane MUHO har ansvar for å forvalte.

Status bygg per 31.12.2025:

TG 0: Ingen symptom	0
TG 1: Svake symptom	44
TG 2: Vesentlege symptom	51
TG 3: Kraftige/alvorlege symptom	8

9. Fellestenester for musea i Vestland

Musea valde å flytte 1513 gjenstandar i fellesmagasinet som vi har dokumentert og tilstandsvurdert. I tillegg har vi ekspedert fleire utlån frå musea til ulike utstillingar, og tatt imot representantar for musea og deira gjester for å studere gjenstandar dei har magasinert hos oss.

Vi har lagt mykje ressursar inn i det 3-årige prosjektet «Nytt fokus på museumssamlingane.» Alle musea i Vestland har deltakarar i prosjektet, der vi har hatt både digitale og fysiske møte. I juni hadde vi eit seminar der deltakarane skulle flektere over kva som er ein museumsgjenstand gjennom praktisk arbeid og faglege diskusjonar. I tillegg gjennomførte vi eit 5-dagars kurs i RE-ORG-metoden, der 14 deltakarar frå 4 museum omorganiserte 2 magasin på De Heibergske samlinger/Sogn folkemuseum.

Prosjektet « Dokumentasjonsteam» vart avslutta våren 2025 ved at 4 ulike museum fekk hjelp til registreringsoppgåver. I tillegg har vi gjennomført housekeepingoppgåver ved fleire museum, og ved nokre av dei har også arbeidet med å utarbeide verdibergingsplan starta opp.

I tillegg har vi halde kurs om mugg og helsefarlege stoff i samlingane, og har også halde kurs for eksterne kundar. Vi er navet i felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland, og gjennomførte ein fagdag for gruppa der medlemmene mellom anna fekk øve på å lage ein plan for prioriterte objekt som skal reddast i ei krise.



Besøk av Kode

10. Relevant formidling

Formidlingsplanen i MUHO skal sikre profesjonell og heilskapleg formidling med relevans for eit breitt publikum. I 2025 er planen rullert, med særleg vekt på universell utforming, publikumsutvikling og nye formidlingsformer.

Kulturprogrammet med utstillingar, arrangement og opplevingstilbod er gjennomført som planlagt. Utvandringjubileet vart markert gjennom nye forteljingar frå norsk emigrasjonshistorie, sett i samanheng med samtidige migrasjonsperspektiv. Temaet pelsdyrnæring vart formidla gjennom ny fast utstilling og arrangement i samband med avviklinga av næringa.

For å sikre og formidle immateriell kulturarv er det gjennomført praksisopplegg knytt til slåtten på Havrå, opne kurs innan tekstilhandverk og undervisningstilboda Nevenyttig og Bionic neighbouring. Boka Åkle, om åkletradisjonar i Nord og Midthordland, vart gitt ut i 2025.

Arbeidet med universell utforming er styrkt gjennom kompetanseutvikling og kartlegging. For å nå nye publikumsgrupper er det gjennomført pilotprosjekt med lydforteljingar, og MUHO har delteke i nasjonale prosjekt som har styrkt kunnskapsgrunlaget for berekraft og gitt rom for bruk av «Nye stemmer» i utstilling, omvising og undervisning. Utstillinga Sirkulære Nordhordland, som del av Naturrom Lygra, fullførte vandringa i 2025, med fem arrangement i samarbeid med Nordhordland UNESCO Biosfære.



Digital formidling

Digital formidling har vore eit prioritert område i 2025. Formidlingsgruppa har arbeidd målretta med lydforteljingar, med første pilot ved Tekstilindustrimuseet. Havrå filmen er no fritt tilgjengeleg på museet sine nettsider, og arbeidet med det digitale undervisningsspelet Blodig alvor er vidareført.

Nettsidene er vidareutvikla med betre struktur, tilgjenge og søkemotoroptimalisering, og med meir informasjon om tilkomst ved dei enkelte musea. Innhaldet på Digitalt museum er auka, og alle undervisningsopplegg er tilgjengelege gjennom DigitaltMuseum Skole.

Sosiale medium har hatt fokus på Facebook og Instagram, med særleg vekt på videoinnhald. Dette har gitt både auka publiseringsaktivitet og fleire visningar. Vestnorsk utvandringscenter har i samarbeid med fylkeskommunen og Tidvis utvikla eit ope digitalt undervisningsopplegg for skular.

For å styrkje kompetansen internt arrangerer formidlingsgruppa workshop i digital innhaldsproduksjon og bruk av digitale verkøy ein til to gonger i året.

Utstillingar

Vi hadde samla sett 34 utstillingar i 2025. Av desse var 19 nyopna i løpet av året.

Galleri Salhus hadde desse utstillingane:

<i>Tittel</i>	<i>Kunstnar(ar)</i>
<i>Minneutstilling</i>	<i>Eli Eaa Nilsen</i>
<i>Notater til Amygdala</i>	<i>Hilde Dramstad (med innkjøp til KODE og Nasjonalmuseet)</i>
<i>Textiles</i>	<i>Studentar frå Fakultet for kunst, musikk og design/UiB</i>
<i>S.A.L.H.U.S.</i>	<i>Kiyoshi Yamamoto</i>
<i>Flora</i>	<i>Lena Walton Herfindal</i>
<i>There is no place</i>	<i>Jakkai Siributr</i>
<i>Spiraling</i>	<i>Sigrun Hlín Sigurdardottir</i>
<i>Overganger</i>	<i>Hanne Øverland og Sidsel Palmstrøm</i>
<i>Biothic Neighbouring</i>	<i>Bergen Arkitektthøgskole - BAS</i>

Dato 2025	Arrangement	Stad	Type
02.01	Filmkveld – gamle bilete frå Radøy	Vestnorsk utvandringssenter	Film / kafé
23.01	Gamle bilete frå Radøy	Vestnorsk utvandringssenter	Foredrag
23.02	Utstillingsopning: Minneutstilling Eli Raa Nilsen + Notater til amygdala	Tekstilindustrimuseet / Galleri Salhus	Utstillingsopning
05.02	Strikkekafé – Birgitte Frostad om Ragna Breivik	Tekstilindustrimuseet	Kafé / foredrag
01–17.03	Samarbeid med Kvinnefestivalen	Tekstilindustrimuseet	Festival / samarbeid
13.03	Bokprat – Utvandrerne (Svein Indrelid)	Vestnorsk utvandringssenter	Bokprat
20.03	På dans – kafé og forteljing	Vestnorsk utvandringssenter	Foredrag / musikk
25.03	Strikkekafé – Kine Ulvestad om hekling	Tekstilindustrimuseet	Kafé / foredrag
06.04	Arrangement/kurs – Eminus	Tekstilindustrimuseet	Kurs
09.04	Påskekos på Sletta	Vestnorsk utvandringssenter	Familiearrangement
24.04	(Re)Fashioning the Future IV	Tekstilindustrimuseet	Seminar
27.04	Den store klesbyttedagen	Tekstilindustrimuseet	Publikumstiltak
27.04	Opning studentutstilling (kunst, musikk, design)	Tekstilindustrimuseet	Utstillingsopning
30.04	Oppstart gjestekunstnarar (residency)	Tekstilindustrimuseet	Kunstnaropphald
22.05	Sildebord	Lyngheiseret	Mat / tradisjon
24.05	Open dag – liv i husa	Vestnorsk utvandringssenter	Familiedag
25.05	Kunstnarpresentasjon Saar / Nolan	Tekstilindustrimuseet	Presentasjon
25.05	Jubileumssøndag – 25 år	Lyngheiseret	Jubileum
06.06	Opning utstilling S.A.L.H.U.S + broderiut-stilling	Tekstilindustrimuseet	Utstillingsopning
15.06	Opning utstilling Mayday, Mayday	Osterøy museum	Utstillingsopning
21.06	Sauesanking Lurekalven	Lyngheiseret	Kulturlandskap
22.06	Sauesanking Tangane	Lyngheiseret	Kulturlandskap
23.06	Jonsokfeiring	Lyngheiseret	Tradisjonsarrangement
29.06	Familiesøndag – Slåttesøndag	Lyngheiseret	Familiearrangement
04.07	Konsert – Foreningen Bygd og By	Vestnorsk utvandringssenter	Konsert
05.07	Familiedag på Prærien	Vestnorsk utvandringssenter	Familiedag
06.07	Festgudsteneste	Vestnorsk utvandringssenter	Kyrkjeleg
06.07	Monumentseremoni	Vestnorsk utvandringssenter	Seremoni
06.07	Festivalmyldring	Vestnorsk utvandringssenter	Festival
27.07	Familiesøndag – Livet i fjøra	Lyngheiseret	Familiearrangement
08.08	Pollinatortelling – La Humla Suse	Lyngheiseret	Naturformidling
31.08	Familiesøndag – gardsbesøk	Lyngheiseret	Familiearrangement
03.09	Forteljerkveld – Dei første som drog	Vestnorsk utvandringssenter	Forteljing
11.09	Opning utstilling There is no place	Tekstilindustrimuseet	Utstillingsopning
13–14.09	Workshop – There is no place	Tekstilindustrimuseet	Workshop
13.09	Arrangement om pelsdyrhistorikk	Osterøy museum	Fagarrangement
17.09	Biosfæredagen	Lyngheiseret	Offentleg arrangement

Dato 2025	Arrangement	Stad	Type
19.09	Kunstnarpresentasjon Tseng / Basak	Tekstilindustrimuseet	Presentasjon
21.09	Markens Grøde	Lyngheisenteret	Marknad
26–28.09	Bergen Strikkefestival 2025	Tekstilindustrimuseet	Festival
26.09	Opning Ullveka Vestland	Lyngheisenteret	Festival
28.09	Familiesøndag – NH Husflidslag	Lyngheisenteret	Familiearrangement
01.10	Kurs i ullsortering	Lyngheisenteret	Kurs
04.10	Bondens dag / Ull- og lokalmarknad	Lyngheisenteret	Marknad
05.10	Sauesanking Tangane	Lyngheisenteret	Kulturlandskap
11.10	Sauesanking Lurekalven	Lyngheisenteret	Kulturlandskap
12.10	Opning utstilling Overganger	Tekstilindustrimuseet	Utstillingsopning
24–25.10	Me reise til Junaiten	Vestnorsk utvandringssenter	Teater
25–26.10	Workshop – Jakkai Siributr	Tekstilindustrimuseet	Workshop
26.10	Familiesøndag – tradisjonsmat	Lyngheisenteret	Familiearrangement
30.10	Strikke kafé	Tekstilindustrimuseet	Kafé
31.10	Halloween-arrangement	Vestnorsk utvandringssenter	Familie
20.11	Seminar om universell utforming (lyd/akustikk)	Osterøy museum	Seminar
27.11	Strikke kafé	Tekstilindustrimuseet	Kafé
30.11	Førjulssøndag – juleverkstad / marknad	Lyngheisenteret	Julearrangement
03.12	Boklansering Åkle + åkleutstilling	Osterøy museum	Lansering
09.12	Førjulskveld med allsang	Vestnorsk utvandringssenter	Julearrangement
14.12	Jul i fabrikken	Tekstilindustrimuseet	Julearrangement



Åpning av Kiyoshi Yamamoto i Galleri Salhus

11. Solid kunnskapsproduksjon

Kunnskapsproduksjonen i MUHO skjer gjennom forskning, faglege dokumentasjonsprosjekt og systematisk samarbeid med andre museum, nasjonale museumsnettverk og forskingsmiljø i universitets- og høyskulesektoren. Arbeidet tek utgangspunkt i musea sine samlingar, landskap og kulturmiljø, og bidreg til ny kunnskap innan spydspissane bevaring, levande natur- og kulturarv, industriarv og migrasjon og mangfald.

I 2025 er forskingsplanen rullert og vidareført som eit aktivt arbeidsverktøy for å styrkje både kunnskapsproduksjon og intern kompetanseutvikling. Planen legg til rette for meir målretta prioriteringar, betre koordinering mellom avdelingane og auka deltaking i eksterne forskings- og utviklingsprosjekt.

MUHO deltek som partnar i forskingsprosjektet DURIN – The underappreciated roles of dwarf-shrubs in responding to and influencing global climate change, finansiert av Forskringsrådet og leia av Universitetet i Bergen. I 2025 er det publisert ein fagfelleurdert artikkel frå prosjektet, og forskingsaktiviteten ved Lyngheisenteret er vidareført med internasjonal deltaking.

Forskning knytt til kulturhistoriske og tekstilfaglege tema er også styrkt i 2025. MUHO-tilsette er medforfattarar på fleire vitenskaplege artiklar, mellom anna innan tekstilteknologi, førebyggjande konservering og refleksjonar rundt omsorg og målemetodar i samlingsforvaltning. I tillegg er artikkelen «Det finnes ikke dårlig vær, bare dårlige klær» publisert, med analyse av natur- og miljøframstilling i norsk friluftslivsreklame.

Forskningsprosjektet Borgund-kaupang i samarbeid med Universitetet i Bergen nærmar seg avslutning i 2026. Fagfelleurdert artikkel frå MUHO sitt delprosjekt er førebels ikkje publisert, men arbeidet med ferdigstilling er vidareført i 2025.

MUHO har i 2025 styrkt forskingskulturen gjennom aktiv deltaking i faglege nettverk og kompetansehevande tiltak. Vi deltok på den 10. norske konferansen om vitenskapshistorie, med tema vitenskap og kommunikasjon, og har vore del av aktivitetar knytt til Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland, mellom anna forskarseminar og skrivesamlingar. Det er også gjennomført ei intern skrivesamling i MUHO.

Som del av profesjonaliseringa av forskingsarbeidet har MUHO fått godkjent ein offentleg ph.d.-kandidat, og teke i bruk Nasjonalt vitenarkiv (NVA) for systematisk rapportering av publikasjonar og forskingsresultat. Dette styrker både kvalitetssikring og synleggjering av kunnskapsproduksjonen.

Kompetanseutvikling har vore eit prioritert område i 2025. Ein tilsett har delteke på deltidsstudium i museumspedagogikk ved Universitetet i Stavanger, og fleire avdelingar har delteke i nasjonale nettverksprosjekt som gir ny kunnskap om mellom anna dagens migrasjon og samarbeid med tekstilnæringa.

Samla sett viser 2025 eit tydeleg steg vidare i arbeidet med solid kunnskapsproduksjon i MUHO. Gjennom forskning, dokumentasjon, publisering og kompetansebygging styrker museet si rolle som kunnskapsinstitusjon og relevant samfunnsaktør, i tett samspel mellom eigne fagmiljø og eksterne samarbeidspartnarar.

Formalisert FoU-samarbeid og nettverksarbeid:

Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie
Nettverk for teknologi og industrihistorie
Nettverk for drakt og tekstil
Nettverk for minoriteter og kulturelt mangfold
Nettverk for kulturlandskap
Nettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern
Nordisk Kulturlandskapsforbund
Nettverk Nordhordland biosfæreområde
European Heathlands Network
Leiar av det nasjonale lyngheinetterket LyngNett

Publikasjonar og forskingsresultat

I 2025 vart det produsert heile 14 publikasjonar i MUHO; 8 i tidsskrift, 1 i bok, 2 i rapportar, 2 presentasjonar og 1 i podkast.



Alice konserverer sølv



Lyngbrenning



Minneutstilling av Eli Raai Nilsen. Foto Thor Brødreskift



Kurs i lefsebaking

12. Klima og miljø

MUHO tek sitt ansvar for å bidra til å nå FN sine berekraftsmål, og klima, miljø og berekraft er integrerte satsingsområde i strategiplanen. Dette vert følgt opp gjennom dagleg drift, forvaltning av kultur- og naturarv og gjennom kunnskapsformidling og forskning.

Som forvaltar av ein omfattande bygningsmasse og store kulturlandskap har MUHO eit særleg ansvar for å drive på ein mest mogleg miljøvenleg og berekraftig måte. I 2025 forvalta museet 107 bygningar med samla bygningsareal på om lag 17 000 m², samt 3 626 dekar kulturlandskap. Forvaltninga byggjer på prinsipp om gjenbruk av materialar, reparasjon framfor utskifting og systematisk vedlikehald, i tråd med både bygningsvernaglege og miljømessige omsyn.

I kulturlandskapa vert det praktisert sirkulær skjøtsel, der alle ressursar vert nytta i tråd med tradisjonell drift. Slått, beite og lyngbrenning bidreg både til å halde landskapa i hevd og til å redusere risiko for gjengroing og brann. Samstundes fungerer kulturlandskapa ved Havrå og Lyngheisenteret som viktige arenaer for klimaforskning, mellom anna knytt til karbonlagring og økologiske effektar av skjøtsel. Lyngheisenteret har i 2025 hatt aktiv deltaking i forskingsprosjekt som dokumenterer samanhengar mellom skjøtsel, klima og biologisk mangfald.

Vi er resertifisert som Miljøfyrtårn og rapporterer årleg på mål knytt til arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Gjennom målretta tiltak er straumkostnadene reduserte med 1,4 % frå 2024, og dermed nær halverte samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast mellom anna ENØK-tiltak og meir bevisst energibruk. Nye energieffektiviseringstiltak er planlagde for 2026.

Miljøomsyn er også integrerte i personalpolitikken. Rutinar i personalhandboka legg føringar for val av reiser, med vekt på å redusere klimabelastning der det er mogleg. Samstundes har MUHO i 2025 hatt eit tydeleg fokus på arbeidsmiljø og sosial berekraft, gjennom medarbeidarsamtalar, medarbeidarundersøkingar og tiltak som styrkjer det sosiale fellesskapet i organisasjonen.

Gjennom forvaltning av landskap, bygg og samlingar, kombinert med forskning, formidling og bevisst drift, bidreg MUHO til auka kunnskap om samanhengen mellom kulturarv, klima og berekraft. Dette arbeidet styrkjer museet si rolle som ein relevant aktør i møte med klima- og miljøutfordringar i samfunnet.

13. Arbeid i museumsregionen

Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN) er ei interkommunal fagteneste som gir råd og rettleiing i arbeid med kulturminne, med hovudvekt på bygningsvern. Tenesta omfattar både rådgjeving, dokumentasjon og formidling, og er eit støtteapparat for kommunar, historielag og andre aktørar i regionen.

KIN vart oppretta i 2006 gjennom samarbeid mellom fleire kommunar, MUHO og Hordaland fylkeskommune. Samtidig vart det etablert ei regional stilling som bygningsvernkonsulent knytt til MUHO.

Tenestene kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Alver. I samarbeid med KulturIT tilbyr KIN avtale om og tilgang til katalogiseringsprogrammet Primus, samt rettleiing kring registrering og forvaltning av samlingar.

Dei vedtekte kulturminneplanane er sentrale for prioritering av oppgåver. Også dette året har samarbeidet vore tettast med kommunar som aktivt nyttar planane i si forvaltning.

Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet Primus er tilgjengeleg for historielag i regionen.

Bygningsvern: Det har vore jamn aktivitet gjennom året, i tråd med målet om fri rådgjeving. Arbeidet omfattar mellom anna arkitektfaglege spørsmål knytt til eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeid med søknader. Kulturverntenesta har òg gjennomført formidlingstiltak i form av innlegg og føredrag.

I tillegg til rådgjeving utfører Kulturverntenesta dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar er oftast Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private aktørar har nytta tenesta.



14. Mangfald og inkludering

MUHO arbeider systematisk for å senke tersklane for deltaking og sikre at museumstilboda er tilgjengelege for eit breitt og mangfaldig publikum. Gjennom gratisordningar, samarbeid med offentlege og frivillige aktørar, målretta tilbod til barn og unge og styrkt universell utforming, har museet i 2025 nådd nye målgrupper og styrkt deltakinga blant barn, unge og familiar.

Gratis tilgang og sosiale inkluderingstiltak

Musea våre tilbyr gratis inngang for alle barn og skuleelevar, og gjennomfører ei rekkje gratis arrangement, verkstader og omvisingar. Tekstilindustrimuseet er tilbydar av aktivetskortet i Bergen kommune, som gir gratis inngang for vaksne som følgjer barn. Ordninga med «gratis søndag» vart vidareført fire gonger i løpet av året.

Vi samarbeider òg med Robin Hood huset, eit tiltak for familiar med låg inntekt, som får gratis eller sterkt rabatterte omvisingar. Desse tiltaka har bidrege til auka besøk frå barn og unge som elles ikkje ville ha nytta museumstilboda, og har gjort det mogleg å nå nye målgrupper.

Barn, unge og læring

Osterøy museum tilbyr gratis arrangement og verkstader for ungdom under 18 år, og samarbeider med Osterøy kommune om valfaget tradisjonshandverk for 8. klasse. Tiltaket gir ungdom tidleg kjennskap til tradisjonshandverk og kan synleggjere handverksfag som mogleg framtidig utdannings- og yrkesveg. Museet deltek også i prosjektet Læring i Næring, som gir elevar i 10. klasse moglegheit til arbeidserfaring.

Ved Vestnorsk utvandringssenter har elevbedrifter medverka i kafédrift og arrangement, noko som gir praktisk erfaring og eigarskap til museet som lærings- og møteplass. Venneforeininga bidreg som frivillige med dagnadsinnsats i kafédrifta og har vore aktive i utvikling av programinnhald, og skapar slik møteplassar på tvers av alder og bakgrunn.



Inkluderande formidling og nye publikumsflater

Lyngheisenteret har gjennom prosjektet Sirkulære Nordhordland utvikla ei vandrestilling med fokus på berekraft, sirkulær økonomi og lokal ressursforvaltning. Utstillinga er særleg retta mot barn og unge og har vore vist på skular og bibliotek i alle kommunane i regionen. Dette har gjort det mogleg å nå eit breitt og mangfaldig publikum, også grupper som sjeldan oppsøker museum på eiga hand.

Gjennom praktiske oppgåver, visuelle forteljingar og tematisering av kvardagsnære problemstillingar gir prosjektet barn og unge relevant kunnskap om korleis dei sjølve kan bidra til eit meir berekraftig samfunn. Utstillinga er lagt opp slik at ho er tilgjengeleg for elevar med ulik språkbakgrunn, kompetansenivå og føresetnader, og har styrkt museet si rolle som ein inkluderande læringsarena.

Universell utforming og tilgjenge

MUHO arbeider kontinuerleg med universell utforming og tilgjenge. I 2025 vart det gjennomført kompetansehevande tiltak for tilsette, med særleg vekt på akustikk og tilrettelegging for høyrsehemma. Seminara har vore kombinerte med kartlegging av behov ved fleire lokasjonar, og har danna grunnlag for eigne tiltaksplanar for dei ulike avdelingane. Mindre fysiske tiltak er gjennomførte, og nettsidene vert løpande oppdaterte med informasjon og foto som viser fysisk tilkomst.

Ved Tekstilindustrimuseet er det utarbeidd kart over museumsområdet og sett opp fleire skilt som gjer orientering enklare både inne og ute. Det er også arbeidd med lydforteljingar som del av formidlinga, og QR kodar er tekne i bruk ved fleire avdelingar for å gjere informasjon meir tilgjengeleg.

Mangfald i organisasjonen

MUHO nyttar ein eigen mangfaldsplakat som verktøy for å skape intern medvit og kunnskap, og arbeider kontinuerleg med å forbetre rutinar og praksis på feltet. Museet har uttalte mål om betre kjønnsbalanse blant dei tilsette, samstundes som vedtektene stiller krav om minimum 40 % representasjon av begge kjønn i styret.




Utvandringsfestivalen 2025

Frå venstre: Lena Eikeland Kutschera leiar Utvandringsssenteret, Jon Askeland fylkesordførar, Ragnhild Jepsen biskop, Nina Bognøy ordførar og Elisabeth Halvorsen direktør.

SAMLING:



1. Kjole frå Amerika.



2. Brev frå Canada, Nipawin.



3. Amerikansk-norsk avis.



Frivillige gjer ein viktig jobb

15. Frivillig arbeid

Frivillig innsats har vore ein viktig del av verksemda, særleg knytt til arrangement, kafédrift, dugnadsarbeid og samarbeid med lokale lag og foreiningar.

Ved Vestnorsk utvandringssenter har venneforeininga og andre frivillige bidrege vesentleg i gjennomføring av arrangement og drift av Kafé Emigranten. Frivillige har hatt ei sentral rolle i samband med Utvandringfestivalen, torsdagskaféane og andre publikumsretta aktivitetar. Årsmeldinga opplyser at frivillige har lagt ned i overkant av 400 timar i samband med kafédrift og arrangement i 2025. I tillegg har elevbedrifter og ungdom delteke i avgrensa periodar, mellom anna i samband med enkeltarrangement.

Ved Tekstilindustrimuseet har frivillige vore heilt avgjerande for gjennomføringa av Bergen Strikkfestival 2025. Festivalen vart gjennomført med god hjelp frå om lag 40 frivillige, som bidrog med mellom anna billettsal, vaktald, rigging og kaféarbeid. Fleire av dei frivillige har vore knytte til festivalen over fleire år.

Museet samarbeider også med frivillige lag og organisasjonar i lokalmiljøet, og har i 2025 hatt kontakt og samarbeid med lokale frivillige gjennom mellom anna LivOgLyst i Salhusgrenda.

Ved Osterøy museum er frivillig innsats organisert gjennom samarbeid med fleire lag og foreiningar. Osterøy sogelag har fått tomt på museumsområdet til boklager og møtelokale, og bygging er i gang. Det årlege sogeskriftet er eit samarbeid mellom museet og sogelaget. Osterøy museumslag har arrangert fleire aktivitetar i løpet av året og bidrege med dugnadsarbeid på museet. Museet har også samarbeidd med Osterøy Spel og dansarlag om arrangementet Kveldsseta, som vart prøvd ut som ein fast møteplass med folkemusikk. Frivillige har vidare delteke i aktivitetar knytt til treskoverkstad og i samband med arrangement som kunstfestivalen Håsong i Mjøsvågen.

Lynghesenteret får bidrag gjennom samarbeid med lag, organisasjonar og frivillige i samband med arrangement og skjøtsel.

16. Rekneskap og revisjonsrapport

Ferdig oppstilling frå revisor

Årsrekneskap 2025 Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

Resultatrekneskap
Balanse
Noter
Revisjonsmelding

Org.nr.: 971 349 743

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

Resultatrekneskap 2025

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2025	2024
Offentlege tilskot		45 093 628	44 206 533
Andre inntekter		11 865 015	10 688 413
Sum driftsinntekter		56 958 643	54 894 946
Varekostnad		1 049 472	997 993
Lønskostnader m.m.	1	38 416 755	39 317 763
Avskrivning på driftsmidler	2	415 308	439 310
Andre driftskostnader		15 912 789	15 736 807
Sum driftskostnader		55 794 323	56 491 873
Driftsresultat		1 164 320	-1 596 927
Finansinntekter og finanskostnader			
Andre renteinntekter		659 329	428 850
Andre finansinntekter		57 992	58 213
Andre rentekostnader	3	83 051	79 370
Resultat av finanspostar		634 270	407 693
Resultat før skattekostnad		1 798 589	-1 189 234
Resultat		1 798 589	-1 189 234
Årsresultat	4	1 798 589	-1 189 234
Som vert nytta slik:			
Avsett til anna eigenkapital		-1 798 589	-613 748
Overført frå anna eigenkapital		0	1 802 982
Netto		1 798 589	-1 189 234

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland**Balanse pr 31.12.2025**

Eiga	Note		2024
Varige driftsmidler			
Museumsbygg	2	14 371 929	14 527 598
Inventar, bilar m.m	2	1 440 367	1 700 006
Sum varige driftsmidler		15 812 295	16 227 603
Aksjar og fordringar			
Investering i aksjar, andeler og fond		4 144 000	4 144 000
Sum aksjar og fordringar	5	4 144 000	4 144 000
Sum anleggsmidler		19 956 295	20 371 603
Omlaupsmidler			
Lager av varer		554 074	571 549
Fordringar			
Kundefordringar		1 508 983	3 420 752
Andre fordringar		1 685 780	1 080 099
Tilgode tilskot		4 623 445	6 053 426
Sum fordringar		7 818 208	10 554 276
Bankinnskot, kontantar o.l.		20 073 704	13 780 008
Sum omlaupsmidler		28 445 985	24 905 834
Sum eiga		48 402 281	45 277 437

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

Balanse pr 31.12.2025

Eigenkapital og gjeld	Note	2024	
Bunden eigenkapital			
Grunnkapital		7 660 715	7 660 715
Sum bunden kapital		7 660 715	7 660 715
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		17 553 685	15 755 096
Fri EK vedlikehold bygg		1 307 211	1 307 211
Sum opptent eigenkapital		18 860 896	17 062 306
Sum eigenkapital	4	26 521 611	24 723 022
Gjeld			
Langsiktig gjeld	3	1 178 351	1 212 568
Sum anna langsiktig gjeld		1 178 351	1 212 568
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 567 819	1 724 969
Skuldige offentlege avgifter		2 688 898	2 537 577
Periodisert tilskot		6 205 266	5 485 874
Anna kortsiktig gjeld		9 240 336	9 593 428
Sum kortsiktig gjeld		20 702 318	19 341 847
Sum gjeld		21 880 669	20 554 415
Sum gjeld og eigenkapital		48 402 281	45 277 437

Salhus, 26.02.2026

Sara Hamre Sekkingstad
styreleder

Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen
nestleder

Tone Hellesund
styremedlem

Gunnar Moland
styremedlem

Per-Erik Gåskjenn
styremedlem

Anneli Belsvik Aras
styremedlem

Elisabeth Herdla Halvorsen
daglig leder

17. Melding frå styret

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland
Org. Nr. 971 349 743

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2025

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum (no Tekstilindustrimuseet), Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og ein del av MUHO, medan Lyngheisenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringssenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale med Bergen kommune om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Vestland.

1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2025 var 2,7 %, ein nedgang frå 4,3 % i 2024 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2025.

3. Publikum

I 2025 har vi hatt besøk av 28.391 personar. Det er ein oppgang på 1833 i høve til 2024.

4. Likestilling

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 45 faste tilsette i 41,3 årsverk. 20 % av dei faste tilsette er menn, 80 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 31 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 46,23 faktiske årsverk i 2025. Styret har 6 medlemmer der 4 er kvinner og 2 er menn.

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2025

5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigenlutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2025 er gjort opp med eit overskot på kr 1.798.589. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

Salhus, 26.02.2026

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Sara Sekkingstad
styreleiar

Kamilla Karlsen
nesteleiar

Gunnar Moland
styremedlem

Per Erik Gåskjenn
styremedlem

Tone Hellesund
styremedlem

Anneli Belsvik Aras
styremedlem

Elisabeth Herdla Halvorsen
direktør



Til styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

RSM Norge AS
Kanalveien 105 B, 5068 Bergen
Postboks 63, Kristianborg, 5822 Bergen
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 55 55 77 77
F +47 55 55 77 70

www.rsmnorge.no

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland, som viser et overskudd på NOK 1 798 589. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2025, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2025, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
ASSURANCE | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS (organisasjonsnr. 982316588), RSM Advokatfirma AS (organisasjonsnr. 914095573) og RSM Norge Kompetanse AS (organisasjonsnr. 925107492) er medlem av RSM-nettverket og driver under navnet RSM. RSM er foretreatingsnavnet som brukes av medlemmene i RSM-nettverket. RSM Advokatfirma AS og RSM Norge Kompetanse AS er selskaper tilknyttet RSM Norge AS. Hvert medlem i RSM-nettverket er et selvstendig revisjons- og rådgivningsfirma med uavhengig virksomhet. RSM-nettverket er ikke selv en egen juridisk person av noen form i noen jurisdiksjon.



Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 18. mars 2026
RSM Norge AS


Linn Christin Smedvik
statsautorisert revisor



19. Dette er MUHO



**M U
H O**
BEVARINGSTENESTENE

BEVARINGSTENESTENE

er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Vestland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggjande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.



VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER

ereitfriluftsmuseum med bygningarflytta frå USA - Emigrantkyrkja og seks hus i Prærielandsbyen. Her fortel vi om den store norske utvandringa til Amerika, og om utvandring, innvandring og kulturmøte. Vi trekk parallellar til vår eigen tid med arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, og har med seg sin kultur. Folk og kulturar vandrar, møtast og forandrast, før som no.



TEKSTILINDUSTRIMUSEET

held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale, regionale, nasjonale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og unike opplevingar.

M U
H O

KULTURVERNTESTA
I NORDHORDLAND

KULTURVERNTESTA I NORDHORDLAND

skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.



LYNGHEISERET

på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lyngheier haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein utryddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 åra. Området er tilrettelagt for naturopplevingar, formidling, undervising og forskning.



HAVRÅ

ereingard i drift. Det mat- og virkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltingsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturmiljø, og er på lista over utvalde kulturlandskap.



OSTERØY MUSEUM

er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvev, bygningshandverk og treskoproduksjon.

M U MUSEUMSSENTERET
H O I HORDALAND